

Vår 2012
Til foreldre/føresette

Godt nytt år og nytt semester!

No har du sjansen til å melde barnet ditt på Skolefrukt for eit nytt semester. Gå inn på www.skolefrukt.no for å teikne abonnement. Barnet ditt vil då få éin frukt per dag. Det kan vere eple, banan, pære, kiwi, appelsin, klementin, nektarin, fersken og gulrot. Ordninga er subsidiert med 1 kr per frukt, slik at du berre betaler 2,50 kr per frukt.

Vi vonar òg at skulefruktmappa kjem godt med, anten den skal brukast til å frakte papir til og frå skulen, eller til oppbevaring av viktige papir som gode oppskrifter med frukt, bær og grønsaker. Hugs å ta vare på fruktkortet som ligg i mappa!

No startar nemleg Fruktcupen!

Som mange sikkert har fått med seg, er det tilrådd å ete 5 om dagen. Takk vere Skolefrukt sitt daglege frukttilbod får elevane dekt éin av desse 5.

Vi gir oss likevel ikkje med det. For å motivere elevane til å ete meir frukt og grønsaker lanserer vi difor Fruktcupen, der elevane konkurrerer med seg sjølve.

Fruktcupen er samansett av 5 nivå, og alle deltakarane startar på nivå 1. For kvart nivå har elevane moglegheit til å skaffe seg eit unikt merke (ein «button»). For å nå nivå 2 må ein gjennomsnittleg ha ete minst 3 frukter eller grønsaker kvar dag i 2 veker.

For kvart nivå elevane klarer, er dei med i trekninga om fine premiar!

Les meir om dei ulike nivåa, og om korleis barnet registrerer seg, på baksida av dette brevet eller på www.skolefrukt.no.

Lukke til!

Venleg helsing
Skolefrukt



Les meir om
Fruktcupen på
Skolefrukt.no